



Børre Øivind Liland  
Måseskjærveien 24  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/864 - 18/8032

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:  
12.04.2018

## Svar på klage på faktura - gbnr 42/27/1

Viser til brev datert 16.03.2018.

Forskrift om brannførebuing seier at kommunen skal feie og føre tilsyn med fyringsanlegg ved behov. Nokre bustader har behov for feiing oftare enn andre, avhengig av kvalitet på omnen og kor mykje han er i bruk. Vi legg opp til at alle skal ha feiing og tilsyn minst kvart 6. år.

Gebyr for tilsyn og feiing inngår i dei kommunale avgiftene som du betalar kvart år. Kostnadene for feiing og tilsyn er rekna ut til ein gjennomsnittleg pris per år – slik at du betalar same beløp kvart år, uavhengig om du har hatt feiing og tilsyn det året, eller ikkje.

På bakgrunn av ovannemnde kan Meland kommune dessverre ikkje trekkje frå kr. 420 frå årets feiegebyr.

Vil elles gjere deg merksam på at feietenesta i Meland kommune inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland, der Lindås kommune er vertskommune. Alle spørsmål som gjeld gjennomføring av feiing og tilsyn må derfor bli retta til Lindås kommune. Meland kommune er berre ansvarleg for fastsetting og innkrevjing av feie- og tilsynsgebyr.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Børre Øivind Liland

Måseskjærveien 5035  
24

BERGEN